

Kvartalsrapport

3-2009



SpareBank
HALLINGDAL



Kommentarar 3. kvartal 2009

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og Hemsedal Regnskap AS. I tillegg eig banken 85% av aksjane i EiendomsMegler 1 Geilo AS.

Banken eig 5,9% av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,5% i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS, som er felleskontrollerte verksemdar eigd av 16 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5% av SpareBank 1 Gruppen AS. Resultatandelen frå dei felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Banken sin del av resultatet i felleskontrollerte verksemdar utgjer 17,6 mill. kroner. Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, og samla verknad på konsernresultatet er ca. 1,6 mill. kroner.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 3. kvartal på 30,3 mill. kroner som tilsvarar 0,71% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet for same periode i fjor var 30,5 mill. kroner.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 72,1 mill. kroner mot 83,9 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 3. kvartal på 1,68%. På same tid i fjor var rentenettoen 2,09%. For 3. kvartal isolert viser rentenettoen ei fin utvikling og enda på 26,1 mill. (1,82%) mot 23,0 i 2. kvartal. Dette er ein vekst på 13,5% i 3. kvartal.

Hovudårsakene til inntektsreduksjonen i høve til fjoråret er auka fundingkostnad, lågare avkastning på eigenkapitalen som følgje av redusert marknadsrente, auka avgift til sikringsfondet og lågare innskotsmargin. Høgare utlånsmargin har hatt positiv innverknad på rentenettoen.

Utviklinga i rentenettoen må også sjåast i samanheng med provisjonsinntekter frå og andel av resultatet i SpareBank 1 Boligkreditt AS. Ved utgangen av 3. kvartal hadde banken overført 444,8 mill. kroner i bustadlån til Boligkreditt. Inntektene frå overførte lån blir ført som provisjonsinntekter og utgjer 1,7 mill. kroner hittil i år. Dette tilsvarar 0,04% av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Netto andre driftsinntekter utgjer 39,6 mill. kroner mot 22,8 mill. i same periode i fjor. Inntektsauken kjem gjennom utbytte frå tilknytt selskap, provisjonsinntekter og verdistigning på aksjar. Provisjonsinntektene har vekt innfor dei fleste produktområda. Betalingsformidling og forsikring har vekt på 10-20%, medan finansiering har meir enn dubla provisjonsinntektene. Veksten innfor dette området har i stor grad sin årsak i at banken har ein relativt stor portefølje i formidla valutalån som fører til at renteinntekter blir bytta ut med provisjonsinntekter. Vidare har rekneskapen hatt god hjelp av børsoppgangen i år.

Driftskostnadane viser ein auke frå 61,6 til 64,0 mill. kroner og er om lag som venta. Banken har i år eit spesielt kostnadsfokus, og prøver å halde auken så lag som råd er. Den største kostnadsauken er pensjonskostnader med 1,7 mill. Lønnskostnader aukar med 0,6 mill. kroner og er mindre enn forventa. Administrasjonskostnader er 1,4 mill. lågare enn på same tid i fjor.

Andre driftskostnader er om lag 1,0 mill. kroner over fjoråret og auken kjem frå postar som diverse tap, kontingentar og vedlikehald/service.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapkostnad på 5,8 mill. kroner, og er litt høgare enn forventa, men årsaka er i hovudsak nedskrivningar som skal spegle verdifallet på banken sine utlån utover normalt verdifall. Banken har konstatert om lag 0,5 mill. som tap hittil i år. Resterande tapkostnad er auke i tapsnedskrivningar med 6 mill. kroner.

Kvartalsresultatet er tilfredsstillande sett i lys av det svake resultatet for 1. kvartal dette året. Den raske rentenedgangen svekka resultatet for 1. kvartal i stor grad. I 2. og 3. kvartal har utviklinga vore positiv, men er framleis lågare enn venta ved inngangen til 2009.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på 5.711 mill. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 4,8% siste 12 månader. Frå årsskiftet er den redusert med 2,3%.

Utlånsvolumet viser ein beskjeden vekst. Totale utlån ved utgangen av 3. kvartal er 4.849 mill. kroner, noko som er 184 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i % er veksten 3,9% siste 12 månader. Størst er veksten i bedriftsmarknaden med 6,0%. På privatmarknaden er veksten 2,5%. Banken har per 3. kvartal overført ca. 444,8 mill. til SpareBank 1 Boligkreditt noko som tek dei ut av balansen og dermed reduserer forvaltningskapitalen tilsvarande. Reknar ein med desse overførte låna, er auken i privatmarknaden siste 12 månader 12,4%. Banken si relative eksponering mot bedriftsmarknaden er 41,2% av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 58,8%. Av utlån til privatkundar er 61,3% til lokalmarknaden i Hallingdal og Valdres. Til bedriftsmarknaden er heile 90,8% til kundar i lokalmarknaden. Reell utlånsvekst siste 12 månader inkludert overførte lån til Boligkreditt er 9,9%.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 3. kvartal 73,4 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 1,5% av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 31,1 mill. kroner per 3. kvartal og er ein auke på 4,6 mill. kroner frå årsskiftet. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 302,4 mill. kroner (sertifikat, obligasjonar, aksjar som inngår i handelsporteføljen). Av dette utgjer sertifikat og obligasjonar 266,1 mill. kroner. Norske og utanlandske aksjar er bokført til 36,2 mill. etter nedskrivning for urealisert tap på 0,9 mill. Aksjar av strategisk karakter og aksjar/andelar i dotterselskap utgjer 117,7 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 3.351 mill. kroner, og er ein auke på 463,5 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er innskotsveksten siste året på 16,1%. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 69,1% mot 61,9% på same tid i fjor.

Banken må finansiere ein god del av utlåna med innlån i marknaden. Ved utgangen av kvartalet har banken 6 obligasjonslån på til saman 1.150 mill. kroner. Samla ekstern finansiering utgjer 1.542 mill. kroner. Av dette har 917 mill. kroner løpetid på over eit år. Banken har 150 mill. kroner i kommitterte trekkrettar med løpetid til januar 2011 og august 2012. I tillegg kjem oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 16,02% ved utgangen av 3. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Framtidsutsikter

Utviklinga i verdsøkonomien har dei siste månadane vore betre enn venta og har ført til at mange har oppjustert sine forventningar til utviklinga framover. Både i Noreg og internasjonalt blir økonomien framleis stimulert av låge renter og ekspansiv finanspolitikk. Norsk økonomi har så langt vore mykje mindre påverka av nedgangen enn andre land. Aktivitetsnivået er høgt sjølv om veksten er redusert. Arbeidsløysa i landet per juli var på 3,0% og i banken sitt marknadsområde er den godt under dette nivået. Bustadprisane har hatt ein sterk vekst dei siste månadane og er no 3,8% høgare enn for eit år sidan. Marknaden for fritidsbustader ser også ut til å vere i betring.

Utviklinga i Noreg gjer sitt til at me no står framfor ei tid med aukande rente. Norges Bank signaliserte i sitt rentevedtak 23. september at dei vurderte renteauke. Marknaden tek dette som eit signal om at me mest sannsynleg får ein renteauke i oktobermøtet og at dette vil vere starten på ei rekkje rentehevingar i tida framover. Det vil sannsynlegvis påverke rentenettoen positivt.

Resultat så langt i år indikerer at banken vil nå eit årsresultat som er klart betre enn 2008, men ikkje på det nivået som var forventa ved inngangen til 2009.

Hallingdal, 30.09.09/29.10.09

Kjell Vidar Bergo Kjell R. Kristiansen Vidar Isungset
Formann Nestformann

Sissel Bjørøen Berit Heitmann Mikael Fønhus Cathrine Fegth

Resultatregneskap 3. kvartal 2009 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 08	3. kv. 08	3. kv. 09	30.09.08	30.09.09		30.09.09	30.09.08	3. kv. 09	3. kv. 08	Året 08
377 315	98 590	55 020	274 348	191 510	Renteinntekter og liknande inntekter	189 020	269 912	54 382	96 702	371 231
263 856	73 046	28 861	190 395	119 420	Rentekostnader og liknande kostnader	119 171	190 498	28 756	73 095	263 653
113 459	25 544	26 159	83 953	72 090	Netto rente- og provisjonsinntekter	69 849	79 414	25 626	23 607	107 578
-2 070	54	357	3 192	6 974	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	18 369	2 585	7 619	707	-6 912
27 140	6 783	9 304	19 225	27 002	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	27 002	19 225	9 304	6 783	27 140
2 254	567	533	1 773	1 330	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 330	1 773	533	568	2 254
-829	-630	689	753	5 351	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	5 351	3 123	689	-483	-829
1 871	467	359	1 445	1 666	Andre driftsinntekter	10 839	12 470	3 194	2 944	14 347
23 858	6 107	10 176	22 842	39 663	Sum andre inntekter	60 231	35 630	20 273	9 383	31 492
137 317	31 651	36 335	106 795	111 753	Sum driftsinntekter	130 080	115 044	45 899	32 990	139 070
70 160	16 072	16 874	46 511	47 752	Løn og generelle administrasjonskostnader	53 948	52 435	18 638	18 108	78 584
1 338	352	428	982	1 214	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	5 090	5 360	1 717	1 696	7 124
20 700	4 705	4 396	14 070	15 042	Andre driftskostnader	10 565	9 600	3 071	2 906	16 057
92 198	21 129	21 698	61 563	64 008	Sum driftskostnader	69 603	67 395	23 426	22 710	101 765
45 119	10 522	14 637	45 232	47 745	Resultat før tap	60 477	47 649	22 473	10 280	37 305
12 537	2 180	1 223	3 486	5 809	Tap på utlån, garantiar mv	5 809	3 486	1 223	2 180	12 537
0	0	0	0	0	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	0	0	0	0	2 118
32 582	8 342	13 414	41 746	41 936	Resultat etter tap	54 668	44 163	21 250	8 100	22 650
13 149	2 000	4 000	11 200	11 600	Skatt på ordinært resultat	12 211	11 249	4 231	1 879	12 775
19 433	6 342	9 414	30 546	30 336	Resultat av ordinær drift etter skatt	42 457	32 914	17 019	6 221	9 875
					Minoritetens andel	30	12	24	-28	-45
19 433	6 342	9 414	30 546	30 336	Resultat	42 427	32 902	16 995	6 249	9 920

Nøkkeltal

	MORBANK			
	3. kv. 09	3. kv. 08	Året 08	Norm 08
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,68	2,09	2,08	
Driftskostnader i % av driftsinntekter	57,28	57,65	67,14	65,09
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,49	1,53	1,69	
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	7,94	8,06	4,68	4,63
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	5,75	5,90	2,79	2,56
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,12	0,07	0,27	0,37
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	3,93	7,89	1,07	
Innskotsvekst siste 12 mndr.	16,05	13,66	21,94	8,49
Innskot i % av brutto utlån	69,11	61,89	71,05	
Auke i forvaltn.kapitalen siste 12 mndr.	4,75	10,48	15,62	11,19
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital	674 182	657 935	677 656	
Kapitaldekning	16,02	16,17	17,80	15,94
Eigenkapitalprosent	12,45	12,75	11,70	8,28
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,64	0,40	0,58	0,76
Berekn.grunnlag i % av forvaltningskapital	71,99	70,59	63,28	54,26

Balanse per 30. september 2009 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK			KONSERN			
31.12.08	30.09.08	30.09.09	EIGEDELAR	30.09.09	30.09.08	31.12.08
142 792	26 276	31 315	Kontantar og fordringar på sentralbankar	31 315	26 276	142 792
679 490	372 504	402 605	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	402 605	372 504	679 596
4 615 508	4 665 545	4 849 063	Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 760 340	4 568 912	4 514 369
-7 305	-5 574	-9 900	- Individuelle nedskrivningar	-9 900	-5 574	-7 305
-19 200	-13 100	-21 200	- Gruppevise nedskrivningar	-21 200	-13 100	-19 200
4 589 003	4 646 871	4 817 963	Netto utlån til og fordringar på kundar	4 729 240	4 550 238	4 487 864
243 998	244 511	266 162	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	266 162	244 511	243 998
64 852	84 413	81 868	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	82 972	117 134	65 845
298	0	48 761	Eigarinteresser i tilknytta selskap	78 051	0	14 706
22 546	24 060	23 274	Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
48 761	0	298	Immatrielle eigedelar	13 715	16 802	66 039
9 156	9 117	9 876	Varige driftsmidlar	101 379	98 773	102 021
10 513	13 216	6 741	Andre eigedelar	6 741	13 337	10 513
32 657	30 847	22 134	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	28 562	36 538	38 603
5 844 066	5 451 815	5 710 997	Sum eigedelar	5 740 742	5 476 113	5 851 977
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
392 000	300 546	392 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	392 000	301 763	392 919
3 279 502	2 887 536	3 351 009	Innskot frå og gjeld til kundar	3 343 657	2 880 806	3 273 173
1 424 449	1 424 624	1 149 592	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 149 592	1 424 624	1 424 449
30 881	32 531	25 611	Anna gjeld	27 143	31 174	20 022
19 818	97 815	68 569	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	70 592	97 638	22 472
13 535	13 469	13 473	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	18 410	13 810	18 466
5 160 185	4 756 521	5 000 254	Sum gjeld	5 001 394	4 749 815	5 151 501
0	0	0	Minoritetsinteresser	234	261	204
0	0	0	Fond for vurderingsforskjellar	29 290	29 290	17 278
675 500	660 923	675 500	Annan eigenkapital	-2 487	-344	-887
8 381	3 825	4 907	Sparebanken sitt fond	675 500	660 923	675 500
0	30 546	30 336	Gåvefond	4 907	3 824	8 381
683 881	695 294	710 743	Resultat hittil	31 904	32 344	0
5 844 066	5 451 815	5 710 997	Sum eigenkapital	739 114	726 037	700 272
			Sum gjeld og eigenkapital	5 740 742	5 476 113	5 851 977
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
591 383	457 294	619 396	Betinga forpliktingar	619 396	457 294	591 383

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	3. kv. 09	3. kv. 08	Året 08
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	73 432	78 174	144 439
- individuelle nedskrivning	9 861	5 387	4 849
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	63 571	72 787	139 590
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	297	291	15 432
- individuelle nedskrivning	191	191	1 191
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	106	100	14 241
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR			
Endring gruppe nedskrivning	2 000	2 700	2 132
Endring individuell nedskrivning	3 325	348	9 823
Konstatert tap i perioden	520	516	1 302
Inngått på tidl.konst. tap	-36	-78	-720
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	5 809	3 486	12 537

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Ål
Postboks 173
3571 Ål
Gol
Postboks 33
3551 Gol

Hemsedal
Postboks 23
3561 Hemsedal
Valdres
Postboks 183
2901 Fagernes

SpareBank
HALLINGDAL

